



VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Team kulturarv

Vår dato:	24.11.2025
Deres dato:	30.10.2025
Vår referanse	25/18609-5
Deres referanse:	2025/8082-4
Vår saksbehandler:	Frida Aakervik Berg

Uttale til søknad om dispensasjon til frådelling av tun - Nedre Mo - gbnr. 153/2 - Vinje kommune

Vi syner til høyring av dispensasjon til frådelling av tunet på Nedre Mo i Vinje kommune. Vi beklagar at vi svarar etter fristen.

Kulturarv

Tunet på Nedre Mo er freda etter kulturminnelova, med vedtak av 14.05.1941. Fredinga er ikkje til hinder for ei frådelling i seg sjølv, då det berre er bygningane som er freda.

Vi vil likevel sterkt råde frå at garden vert frådelt slik det er foreslått. Grunnlaget for etableringa av garden, er inn- og utmarka. Ved ei frådelling vil dette grunnlaget bli fjerna, og ein mister potensiell inntekt for å sette i stand dei freda bygningane. Av omsyn til ivaretaking av bygningsmassen og dei kulturhistoriske verdia til området og garden meiner vi difor at garden bør behalde sin noverande grense.

Om eigedomen vert frådelt, må den freda badstoga nord-vest for eldhuset inkluderast i ny avgrensing. Den er del av det heilskaplege gardstunet, og må difor følgje med i tunet elles. Vi meiner elles at sjølve avgrensinga er for liten, og at tunet bør få større plass om det skal vere meir attraktivt for nye eigarar.

Med helsing

Eystein Andersen
Teamleiar kulturarv
Seksjon for kultur

Frida Aakervik Berg

frida.aakervik.berg@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

